

Lat vår fjellheim i fred

(Tekst: Olav Skeie Lid)

(Mel: Its a long way to Tipperary)

Ref:

Ja, i Hardanger her vil me leva
utan mast imot sky!
Me vil arbeida, me vil streva
mot eit solfylt morgongry.
Der vår fjellgrunn er fri og urørd,
med foss og tind og bre.
Vårt Hardanger; her skal me leva,
Lat vår fjellheim i fred!

Djupt i fjellet ein tone dirrar
mellom tindar og fjord.
Der dei kalde isjuklar klirrar
sin kalde song mot heimsens jord.
Her i berget fann småfe beite,
her fanst støl i avgøymd dal.
Her vart kjensler og kroppar heite
i ei sommarnatt sval....

Kraftstasjonen vil vatn svelja,
kraft som byen vår treng.
Ingen treng vel å fortelja
kvar vår kraft skal bli til peng?
Ingen skal øyda fjella våre,
der kor besten dreiv og slo.
Ingen skal få hogga djupe såret
som aldri vil gro....

Det finst krefter som vil oss tvinga,
- dei skal møtast med song.
Saman skal me om fjellet kringa,
med ein vilje av betong.
Lat dei koma med paragrafar,
- lat dei koma her med ord.
Om dei vil oss med bøter straffa:
Det er *vår* fedrajord!